



Adresseliste

Handlingsplan for åkerrikse - informasjonsmaterieill

Direktoratet for naturforvaltning har delegert oppgåva med å setja i verk tiltaka i Handlingsplan for åkerrikse til Fylkesmannen i Rogaland. I denne samanheng sender me nå ut informasjonsmaterieill som me har fått laga til handlingsplanen. Informasjonsmateriellet inneheld ein brosjyre, som i hovudsak er retta mot bønder og kommunetilsette, men som også inneheld mykje nyttig informasjon for folk flest. I tillegg har me laga ein plakate som skal skapa blest om prosjektet. Informasjonsmateriellet har vorte utarbeidd i samråd med Norges Bondelag og Norsk Ornitologisk Foreining (NOF), som er samarbeidspartnarar i prosjektet. Me sender med dette over informasjonsmateriellet og ber samstundes om at Fylkesmannen i kvart fylke syter for å distribuera det vidare til dei aktuelle kommunane (og bøndene) i sitt fylke. Det er også viktig at fylkesmennene set seg godt inn i innhaldet i informasjonsmateriellet, slik at dei kan rettleia kommunar og bønder i sitt fylke.

NOF har mellom anna ansvaret for å aktivt registrera åkerrikse i nokre utvalde område, samt å samla inn og kvalitetssikra observasjonar som kjem inn via andre kanalar. Etersom nokre fylke peikar seg ut med fleire åkerrikser enn andre, kjem NOF til å køyra aktiv registrering i visse kommunar i Rogaland, Oslo og Akershus og Hedmark. Fylkesmennene i desse fylka vil få melding om kva for kommunar dette gjeld, slik at dei kan gje kommunane og grunneigarane i områda med intensiv registrering melding om dette. I desse fylka er det også ønskeleg at Fylkesmannen kan velja ut spesielt viktige åkerrikseområde der bøndene kan få støtte for å driva på åkerriksevennleg måte gjennom heile sesongen og på generelt grunnlag, uavhengig om det er registrert åkerrikse der, eller ikkje. Det kan vera aktuelt å senda ut brosjyren til aktuelle bønder i dei utvalde områda i løpet av våren, slik at dei kan verta med på ein avtale om slik drift før sesongen startar.

Slike avtalar vil også kunna vera aktuelle i t.d. Østfold, Vestfold og delar av Møre og Romsdal, sjølv om ein ikkje satsar på intensiv registrering i desse fylka.

<http://artskart.artsdatabanken.no> kan gje ein indikasjon på kva område som er viktige for åkerrikse, og kan dermed vera til hjelp for å velja ut område for slike ordningar.

Me oppfordrar fylkesmennene til å innlemma slike ordningar i RMP-programmet, dersom det er mogleg. Dersom ikkje, oppfordrar me fylkesmennene til å be kommunane om å bruka SMIL-middel til dette.

Me satsar på å få inn så mange registreringar som mogleg frå heile landet. Det er difor viktig å få spreidd informasjon om at alle observasjonar av åkerrikse skal rapporterast. Innrapporterte åkerrikser bør følgjast opp i så stor grad som mogleg i form av kvalitetssikring og informasjon ut til aktuelle kommunar og bønder. NOF har ansvaret for kvalitetssikringa av observasjonane, medan fylkesmenn, kommunar og Norges Bondelag har ansvaret for å informera bøndene.

Det er svært viktig at alle observasjonar av åkerrikse vert rapportert inn på www.artsobservasjoner.no, på registreringsskjema på www.akerrikse.no eller direkte til

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Hjemmeside:	Postboks 59	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

NOF (tlf: 73 84 16 40) så raskt som mogleg. Her må alle ta ansvar. Liste over NOF sine kontaktpersonar i kvart fylke vil verta lagt ut på www.akerrikse.no

NOF vurderer og sjekkar opp innkomne registreringar, og rapporterer så om oppfølging tilbake til fylkesmennene. For ikkje å tapa tid har me oppretta eit web-skjema for habitatregistreringar med link til åkerrikseobservasjonen på www.artsobservasjoner.no. Innplotta informasjon vert sendt direkte på e-post til fylkesmennene i dei mest aktuelle fylka. Fylkesmennene har ansvaret for å vidareformidla informasjonen til den aktuelle kommunen, saman med ei vurdering av kva tiltak som bør setjast i verk. Rapportar frå andre fylke enn dei nemnde vil verta vurderte av Fylkesmannen Rogaland og vidareformidla til rett fylke dersom det er behov for tiltak.

Kommunen har saman med Bondelaget ansvaret for å følgja opp den einskilde bonden. Bonden må informerast om at han har åkerrikse på garden sin, og oppfordrast til å setja i verk tiltak for å ta vare på henne. Han må også få informasjon om at han kan få støtte for å setja i verk slike tiltak. Fylkesmannen i Rogaland og NOF kan hjelpa fylkesmenn og kommunar med faglege vurderingar i dei einskilde tilfella.

Aktuelle tiltak kan vera å setja att areal som ikkje vert slått/treska, å justera opp kuttehøgda, samt å slå sakte og etter eit spesielt mønster som ikkje "fangar" åkerriksene på midten av jordet. Me oppfordrar fylkesmennene til å be kommunane om å bruka SMIL-middel også til slike erstatningar. I handlingsplanen er og avsett eit mindre beløp til erstatningar til bønder som driv åkerriksevennleg.

Ved utbetaling av erstatningar som ikkje kan gå gjennom SMIL-ordninga, må saka oversendast til Fylkesmannen i Rogaland. Innanfor dei økonomiske rammene som følgjer Handlingsplan for åkerrikse, vil då Fylkesmannen i Rogaland betala ut erstatning direkte til bonden.

Dersom det er behov for meir informasjonsmateriell, kan de få meir ved å ta kontakt med Fylkesmannen i Rogaland. Informasjonsmateriellet kan også lastast ned frå www.akerrikse.no

Dersom det er ønskeleg, kan også Fylkesmannen i Rogaland stilla opp på møte om åkerrikseprosjektet, mellom anna med orientering om tiltak og tilskotsordningar. Ta i tilfelle kontakt med torborg.berge@fmro.no

Med helsing

Einar Haualand
fung. fylkesmiljøvernshjef

Torborg Berge
rådgivar

Saksbehandlar: Torborg Berge
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 39
E-post: torborg.berge@fmro.no

Adresseliste:

Norges Bondelag v/ Finn Erlend Ødegård, Postboks 9354 Grønland, 0135 Oslo
Norsk ornitologisk forening, Sandgata 30 B, 7012 Trondheim
Fylkesmannen i Hedmark v/ Ragnar Ødegaard, Postboks 4034, 2306 Hamar
Fylkesmannen i Oslo og Akershus v/ Tore Bjørkøyli, Postboks 8111 Dep., 0032 Oslo
Fylkesmannen i Østfold v/ Åsmund Fjellbakk, Statens hus, pb 325, 1502 Moss
Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/ Asbjørn Børseth, Fylkeshuset, 6404 Molde
Fylkesmannen i Vestfold v/ Miljøvernavdelingen, Postboks 2076, 3103 Tønsberg
Fylkesmannen i Hordaland v/ Miljøvernavdelingen, Postboks 7310, 5020 Bergen
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ Miljøvernavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Fylkesmannen i Aust-Agder v/ Miljøvernavdelingen, Serviceboks 606, 4809 Arendal
Fylkesmannen i Vest-Agder v/ Miljøvernavdelinga, Serviceboks 513, 4605 Kristiansand
Fylkesmannen i Telemark v/ Miljøvernavdelinga, Statens Hus, 3708 Skien
Fylkesmannen i Oppland v/ Miljøvernavdelinga, Serviceboks, 2626 Lillehammer
Fylkesmannen i Buskerud v/ Miljøvernavdelinga, Postboks 1604, 3007 Drammen
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag v/ Miljøvernavdelinga, Statens Hus, 7468 Trondheim
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag v/ Miljøvernavdelinga, Strandveien 38, 7734 Steinkjer
Fylkesmannen i Nordland v/ Miljøvernavdelinga, Moloveien 10, 8002 Bodø
Fylkesmannen i Troms v/ Miljøvernavdelinga, Postboks 6105, 9291 Tromsø
Fylkesmannen i Finnmark v/ Miljøvernavdelinga, Statens hus, 9815 Vadsø